



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 23.09.2015
Møtestad: Kommunehuset - Børilden
Møtetid: 10:00 – 14:00

Reidar Øksnes gjekk frå møtet kl. 1300 og deltok ikkje under handsaming av sakene 122 og 129/15.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordførar
Liv Ulvøy	V	Medlem
Ernst Stellberg	H	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jan Olav Osen, avdelingsleiar Asbjørn Toft og sakshandsamar Thomas Lindås

Dato 24.09.15

Per Lerøy
ordførar

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
116/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
117/15	Godkjenning av møteprotokoll
118/15	Meldingar
119/15	Delegerte saker
120/15	Orienteringssak
121/15	Klage på vedtak på dispensasjon til bygging av gangveg til naust på gbnr. 161/2 på Øksnes
122/15	Dispensasjon frå reguleringsplan Breivik/Åråsvågen/Sætre marka til oppføring av to verneverdige skulebygg
123/15	Dispensasjonssøknad til reguleringsplan for Gbnr 147/2 Toftegård- "Søre Neset" med planid 2005003
124/15	Klage - sak 14/1754 - gbnr 152/45 - Litlelindås - dispensasjon
125/15	Sak 15//231 - gbnr 163/3 Hjeltholmen - dispensasjon
126/15	Dispensasjon - Søknad gbnr 130/154 - Kalandsjøen -bustad
127/15	Dispensasjon til oppgradering av landbruksareal på Dyrneset-Gbnr. 156/4 m.fl.
128/15	Sak 15/435 - gbnr 158/10 Lerøy - bod, naust og flytebrygge - dispensasjon
129/15	Ny kunst- og kulturattraksjon i kommunesentrum - Prinsippavklaring

116/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Ernst Stellberg etterlyste statusrapport for perioden 01.01 - 31.08. Rådmannen orienterte om at denne rapporten vil foreligge i samband med at 2. tertialrapport vert lagt frem i neste møte.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 116/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

117/15: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 117/15 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

118/15: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 118/15 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

119/15: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 119/15 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

120/15: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

23.09.2015 FORMANNSKAPET

1. Planleggar Rolf Raknes orienterte om status i areaplanarbeidet og gjekk gjennom analyse for funksjonell strandsone som vart utdelt til formannskapsmedlemmene.
2. Ordførar Per Lerøy orienterte om status i prosjektet ilandføring av olje frå Johan Sverdrup-utbygginga

Fellesframlegg:

Orienteringane vert teke til vitande.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke..

FS - 120/15 Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

121/15: Klage på vedtak på dispensasjon til bygging av gangveg til naust på gbnr. 161/2 på Øksnes

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune tek ikkje klagen til Fylkesmannen i Hordaland datert 09.09.2015 til følge. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33. Saka vert sendt attende til Fylkesmannen i Hordaland.

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 121/15 Vedtak:

Austrheim kommune tek ikkje klagen til Fylkesmannen i Hordaland datert 09.09.2015 til følge. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33. Saka vert sendt attende til Fylkesmannen i Hordaland.

122/15: Dispensasjon frå reguleringsplan Breivik/Åråsvågen/Sætremarka til oppføring av to verneverdige skulebygg

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan for Reguleringsplan Breivik/Åråsvågen/Sætremarka med planid. 2007004 som omsøk. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Reidar Øksnes deltok ikkje under handsaming av denne saken.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 1 røyst(Ernst Stellberg).

FS - 122/15 Vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan for Reguleringsplan Breivik/Åråsvågen/Sætremarka med planid. 2007004 som omsøk. Grunngevinga er gjeve i

saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

123/15: Dispensasjonssøknad til reguleringsplan for Gbnr 147/2 Toftegård- "Søre Neset" med planid 2005003

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan for gbnr 147/2 Toftegård- "Søre Neset" med planid 2005003 som omsøk på føresegn § 3.1.2 slik at det no kan byggast tomannsbustadar på tomtane 1, 2, 3 og 4 i bustadfeltet.

Austrheim kommune gjev ikkje dispensasjon frå utbyggingsrekkjefølgje § 6.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 123/15 Vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan for gbnr 147/2 Toftegård- "Søre Neset" med planid 2005003 som omsøk på føresegn § 3.1.2 slik at det no kan byggast tomannsbustadar på tomtane 1, 2, 3 og 4 i bustadfeltet.

Austrheim kommune gjev ikkje dispensasjon frå utbyggingsrekkjefølgje § 6.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

124/15: Klage - sak 14/1754 - gbnr 152/45 - Litlelindås - dispensasjon

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge og stadfestar sitt tidligare vedtak i saka.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33 jamfør § 31.

Saka vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for klagehandsaming.

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke med 4 røyster mot 1 røyst (Ernst Stellberg)

FS - 124/15 Vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følge og stadfestar sitt tidligare vedtak i saka.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33 jamfør § 31.

Saka vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for klagehandsaming.

125/15: Sak 15//231 - gbnr 163/3 Hjeltholmen - dispensasjon

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt til riving av eksisterande naust og oppføring av nytt, reparasjon av eksisterande molo og gangveg mellom skyssbåtkai og naust på følgjande vilkår:

1. Naustet skal oppførast i tråd med Austrheim kommune sine retningslinjer for bygging av naust.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 125/15 Vedtak:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon som omsøkt til riving av eksisterande naust og

oppføring av nytt, reparasjon av eksisterande molo og gangveg mellom skyssbåtkai og naust på følgjande vilkår:

1. Naustet skal oppførast i tråd med Austrheim kommune sine retningslinjer for bygging av naust.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

126/15: Dispensasjon - Søknad gbnr 130/154 - Kalandsjøen -bustad

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune seier seg einig i Rådmannen sine vurderingar og konklusjonar og gjer fylgjande vedtak for tiltak på gnr 130 bnr 154, Kalandsjøen:

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §§19-2 dispensasjon på vilkår frå byggegrense og føresegnene til reguleringsplan for bustadområdet Vardeflaten på Kaland, planID 1998002 og supplert med bebyggelsesplan for Kaland 130/14 og 12, planID 2005001, for å bygge bustad på gnr 130 bnr 154 som ligg nærare nabogrensa enn byggegrensa tillet.

- Avstand mot veg gnr 130 bnr 12: 2,5 m
- Avstand mot naboeigedom gnr 130 bnr 5: 2 m

Vilkår:

- Mur mot naboeigedom gnr 130 bnr 5 må dimensjonerast slik at stien kan utbetrast til traktorveg.
- Mur må sikrast med rekkverk eller gjerde på i heile lengda.
- Det må leggst ned drenering saman med muren som sikrar området mot utgliding og ras.
- Massane langs muren på naboeigedom må skiftast ut slik at stien vert betre enn i dag.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 12-4 (disp frå reguleringsplan)

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 1 røyst(Liv Ulvøy).

FS - 126/15 Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune seier seg einig i Rådmannen sine vurderingar og konklusjonar og gjer fylgjande vedtak for tiltak på gnr 130 bnr 154, Kalandsjøen:

Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §§19-2 dispensasjon på vilkår frå byggegrense og føresegnene til reguleringsplan for bustadområdet Vardeflaten på Kaland, planID 1998002 og supplert med bebyggelsesplan for Kaland 130/14 og 12, planID 2005001, for å bygge bustad på gnr 130 bnr 154 som ligg nærare nabogrensa enn byggegrensa tillet.

- Avstand mot veg gnr 130 bnr 12: 2,5 m
- Avstand mot naboeigedom gnr 130 bnr 5: 2 m

Vilkår:

- Mur mot naboeigedom gnr 130 bnr 5 må dimensjonerast slik at stien kan utbetrast til traktorveg.
- Mur må sikrast med rekkverk eller gjerde på i heile lengda.
- Det må leggjast ned drenering saman med muren som sikrar området mot utgliding og ras.
- Massane langs muren på naboeigedomen må skiftast ut slik at stien vert betre enn i dag.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 12-4 (disp frå reguleringsplan)

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

127/15: Dispensasjon til oppgradering av landbruksareal på Dyrneset-Gbnr. 156/4 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen og dispensasjon frå plankrav for oppgradering av om lag 40 dekar jordbruksareal som omsøkt på følgjande vilkår:

- 1.Arbeidet skal ferdigstillast innan 01.05. 2025.
- 2.Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til maskinell innhausting.
- 3.Berre reine natur- og jordmassar frå Austrheim kommune kan plasserast her. Det må kunne dokumenterast at massane er reine med å ta analyser av massar som vert lagt ut.
- 4.Det skal vera anleggsgjerde omkring planeringsfeltet og ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
- 5.Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med voll/ fangedam o.l..
- 6.Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoppast og Hordaland fylkeskommune varslast.
- 7.Dersom tiltaket skapar støy og miljøproblem for naboar eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket.
9. Det må lagast ein landskapsplan som viser korleis området skal sjå ut når arbeidet er ferdig.
- 10.Tiltaket må få ein etappevis ferdigstilling som vist i planeringsplan datert 02.06.2014 , slik at arealinngrepet ikkje vert eit opent sår i heile anleggsperioden. Dette må visast i igangsettingssøknaden og vurderast i byggesaka.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF området og at massehandtering må løysast på ein optimal måte i nærleiken av område avsett til

næringsområde i kommuneplanen. Grunngevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 og § 12-1.
Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 127/15 Vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen og dispensasjon frå plankrav for oppgradering av om lag 40 dekar jordbruksareal som omsøkt på følgjande vilkår:

- 1.Arbeidet skal ferdigstillast innan 01.05. 2025.
- 2.Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til maskinell innhausting.
- 3.Berre reine natur- og jordmassar frå Austrheim kommune kan plasserast her. Det må kunne dokumenterast at massane er reine med å ta analyser av massar som vert lagt ut.
- 4.Det skal vera anleggsgjerde omkring planeringsfeltet og ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
- 5.Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med voll/ fangedam o.l..
- 6.Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoppast og Hordaland fylkeskommune varslast.
- 7.Dersom tiltaket skapar støy og miljøproblem for naboar eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dette dispensasjonsvedtaket.
9. Det må lagast ein landskapsplan som viser korleis området skal sjå ut når arbeidet er ferdig.
- 10.Tiltaket må få ein etappevis ferdigstilling som vist i planeringsplan datert 02.06.2014 , slik at arealinngrepet ikkje vert eit opent sår i heile anleggsperioden. Dette må visast i igangsettingssøknaden og vurderast i byggesaka.

Grunngevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF området og at massehandtering må løysast på ein optimal måte i nærleiken av område avsett til næringsområde i kommuneplanen. Grunngevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 og § 12-1.
Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

128/15: Sak 15/435 - gbnr 158/10 Lerøy - bod, naust og flytebrygge - dispensasjon

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon til oppføring av bod, utviding/ombygging av eksisterande naust, samt utlegging av flytebrygge som omsøkt.

Grunngeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 128/15 Vedtak:

Formannskapet i Austrheim gjev dispensasjon til oppføring av bod, utviding/ombygging av eksisterande naust, samt utlegging av flytebrygge som omsøkt.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

129/15: Ny kunst- og kulturattraksjon i kommunesentrum - Prinsippavklaring

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune er positive til flytting av Straume skule og Austrheim gamle skule til kommunesentrum.

Det vert arbeidd med oppretting av ei stifting som står som eigar av bygga. Austrheim kommune, Kystlandsbyen, Kunsthuset Austrheim og Austrheim kyst- og sogelag vert med/får tilbod om å vere med i stiftinga.

23.09.2015 FORMANNSKAPET

Reidar Øksnes deltok ikkje under handsaming av denne saka.

Framlegg frå Ernst Stellberg:

Saka vert utsett.

Framlegget fekk 1 røyst(ernst Stellberg) mot 3 røyster og fell.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 3 mot 1 røyst(Ernst Stellberg).

FS - 129/15 Vedtak:

Austrheim kommune er positive til flytting av Straume skule og Austrheim gamle skule til kommunesentrum.

Det vert arbeidd med oppretting av ei stifting som står som eigar av bygga. Austrheim kommune, Kystlandsbyen, Kunsthuset Austrheim og Austrheim kyst- og sogelag vert med/får tilbod om å vere

med i stiftinga.
